



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Rapport etter tilsyn

Kommunal beredskapsplikt

Tingvoll kommune

Tilsynsdato: 14.03.2019

Rapportdato: 15.04.2019

Innhold

1	BAKGRUNN OG GJENNOMFØRING	3
1.1	FØREMÅL OG HEIMELSGRUNNLAG.....	3
1.2	PÅLEGG OM GJENNOMFØRING	3
1.3	TILSYNSTEMA	3
1.4	GRUNNLAGSDOKUMENTASJON.....	4
1.5	GJENNOMFØRING	5
2	HOVUDINNTRYKK	6
3	RESULTAT FRÅ TILSYNET	7
3.1	AVVIK	7
3.2	MERKNADER	8
4	VIDARE OPPFØLGING	9

1 Bakgrunn og gjennomføring

Tabellen nedanfor oppsummerar nøkkelopplysningar om gjennomføringa og vidare oppfølging. Dei vidare avsnitta gir utfyllande opplysningar om heimelsgrunnlag, grunnlagsdokumentasjon og deltakarar.

Tidspunkt for tilsynet:	19.02.2019 (formøte) 14.03.2019 (tilsyn)
Adressa til kommunen:	Midtvågvegen 2, 6630 Tingvoll
Kommunennummer:	1560
Kontaktperson i kommunen:	Bjørn Sletbakk
Fylkesmannen sitt tilsynslag:	Atle Morsund (tilsynsleiar) Helge Mogstad
Tilsynsrapporten er skriven av:	Atle Morsund
Tilsynsrapporten er godkjent av:	Helge Mogstad
Førebels tilsynsrapport sendt:	20.03.2019
Endeleg tilsynsrapport sendt:	15.04.2019
Kommunen sin frist for oppfølgingsplan:	27.05.2019

1.1 Føremål og heimelsgrunnlag

Føremålet med tilsynet er å sjå til om Tingvoll kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med aktuelle krav fastsett i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Tilsynet er gjennomført med heimel i § 29 i sivilbeskyttelseslova og § 10 i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

1.2 Pålegg om gjennomføring

I Justis- og beredskapsdepartementet sitt embetsoppdrag til fylkesmennene er det fastsett at fylkesmannen skal føre tilsyn med kommunane sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Tilsyna skal gjennomførast i samsvar med DSB sin tilsynsrettleiar, og det skal førast tilsyn med den einskilde kommune minimum kvart fjerde år.

1.3 Tilsynsystema

I møte mellom DSB og fylkesmennene i mars 2015 presiserte DSB at alle krav i forskrift om kommunal beredskapsplikt skal vurderast under tilsyn i 2016 og seinare.

1.4 Grunnlagsdokumentasjon

Desse dokumenta vart sende frå kommunen til fylkesmannen før, og etter, tilsynet:

Nr.	Dokument	Datering
1.	Heilskapleg ROS-analyse for Tingvoll kommune	28.02.2019
2.	Beredskapsplan. Plan for kriseleiinga i Tingvoll kommune	28.02.2019
3.	Planstrategi for Tingvoll 2016 – 2019	16.06.2016
4.	Kommuneplan Samfunnsdelen for Tingvoll 2014 – 2026	10.04.2014
5.	Kommuneplan Arealdelen 2014 – 2026	25.06.2015
6.	Plan for Samarbeid om beredskap mot akutt forureining på Nordmøre	Ikkje datert
7.	Evaluering av beredskapsøving Fårikål 2018	03.09.2018
8.	Øvingsplan, referat og evaluering av brannøvingar 2018 Tingvoll kommune	Ikkje datert
9.	System for opplæring i beredskap – Tingvoll kommune (<i>mottatt etter tilsynsmøte</i>)	19.03.2019

1.5 Gjennomføring

Formøte med Tingvoll kommune vart gjennomført 19.02.2019. Tilsynsbesøk med opningsmøte, intervju og sluttmøte vart gjennomført 14.03.2019. Kven som deltok går fram av tabellen under.

Deltakarar	Stilling	Formøte	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Milly Bente Nørsett	Ordførar	X	X	X	X
Odd Arild Bugge	Rådmann	X	X	X	X
Bjørn Sletbakk	Beredskapskontakt	X	X	X	X
Helge Mogstad	Direktør		X	X	X
Atle Morsund	Rådgjevar	X	X	X	X

2 Hovudinstrykk

Nesten alle elementa i den kommunale beredskapsplikta er på plass, og dokumenta syner at kommunen er medviten sitt beredskapsansvar.

Den heilskaplege ROS-analysen er ny sidan førre tilsyn i 2015 og oppfyller alle minimumskrava i forskrifta, så vidt. Det går ikkje fram korleis relevante offentlege og private partar har vore invitert til arbeidet med heilskapleg ROS. Delar av det som forskrifta skildrar som minimumskrav finn vi fragmentert på dei hendingane analysen omfattar, og analysen hadde stått seg betre om den hadde ei generell beskriving av behovet for befolkningsvarsling og evakuering. ROS-analysen manglar ein prioritert handlingsplan/ oppfølgingsplan. Heilskapleg vurdering om kommunen sin evne til å oppretthalde drift ved uønskete hendingar er betre enn det som er snittet for kommunane i fylke.

Vi finn ikkje at langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap er skildra i det overordna planverket til kommunen. Vi rår til at aktuelle funn i ROS-analysen vert tatt vidare ved oppdatering når det planverket skal reviderast i 2020.

Beredskapsplanen til Tingvoll kommune er oppdatert i februar 2019. Planverket stettar alle minimumskrava i forskrifta, så vidt. Plan for kriseinfo si beskriving av korleis ein skal informere tilsette er tynn.

Kommunen har ein levande beredskapsorganisasjon som er øvd. Vi finn rutinar for at kommunen skal evaluere både hendingar og øvingar, og vi finn evalueringar etter øvingar, men kommunen har ikkje hatt hendingar sidan førre tilsyn.

Potensialet for forbetring ligg i litt finpuss i ROS-analysen, som litt betre tilpassing til forskriftskrava. Det bør lagast ein prioritert oppfølgingsplan basert på funna i ROS-analysen, og det bør leggest stor vekt på at utfordringane lista opp i der skal vere med vidare ved rullering av det overordna planverket når det skal rullerast. Det er framleis potensial for eit styringsdokument for fagområdet.

3 Resultat frå tilsynet

Tilsynet avdekte eitt avvik. To forhold er kommentert som merknader.

3.1 Avvik

Avvik er definert som manglande oppfølging av krav fastsett i sivilbeskyttelseslova §§ 14 og 15 og/eller i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Avvik nr. 1

Tingvoll kommune har ikkje med utgangspunkt i den heilskaplege ROS-analysen fastsett langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av samfunnstryggleik- og beredskapsarbeidet.

Regelverkstilvising:

Forskrift om kommunal beredskapsplikt § 3.

Utdjupande kommentar:

Tingvoll kommune manglar overordna forankring av mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av arbeidet på dette fagområdet, som ein konsekvens av at kommunen ikkje hadde ei forankra heilskapleg ROS-analyse då det overordna planverket vart rullert i 2014 (kommuneplanen sin samfunnsdel).

3.2 Merknader

Merknader er definerte som forhold som ikkje oppfyller definisjonen av avvik, men som fylkesmannen meiner det er grunn til å påpeike for å sikre god oppfølging av beredskapsplikta.

Merknad nr. 1.

Kommunen bør:

- Skildre/dokumentere betre prosedyre med korleis relevante offentlege og private aktørar har vore invitert og tatt del i arbeidet med heilskapleg ROS-analysen.
- Lage ein prioritert handlingsplan til den heilskaplege ROS-analysen, for lettare å forankra langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i overordna planer i kommunen (samfunnsdel) når desse skal rullerast i 2020.
- Beskrive betre rutinar for krisevarsling av eigne tilsette i planverket.
- Kontakt- og varslingslister og oversikt over eksterne ressursar kan med fordel flyttast til CIM.

Merknad nr. 2.

Kommunen bør vurdere å utarbeide eit styringsdokument som kan fungere som operativ overbygning, oversikt og ramme for kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap – eit bindeledd mellom strategiske planar og ROS-analysar, beredskapsplanverk og aktivitet. Eit slikt dokument vil kunne imøtekomme minimumskrava i forskrifta på ein betre måte, og kan også styrke forhold som ikkje oppfyller definisjonen av avvik, men der kommunen har forbettringspotensial – for eksempel:

- tydelegare rutinar for kriseinformasjon til eigne tilsette.
- tydelegare rutinar for gjennomføring av opplæring.
- rutinar for evaluering – både av øvingar og reelle hendingar.
- oversikt over øvrige beredskapsplanar i kommunen.

4 Vidare oppfølging

Fylkesmannen ber om at kommunen lagar ein plan for når og korleis det avdekte avviket skal følgjast opp. Planen skal sendast til fylkesmannen seinast seks veker etter tilsynsrapporten er motteken.

Med utgangspunkt i kommunen sin plan, vurderer fylkesmannen om tilsynssaka kan avsluttast. Kommunen får tilbakemelding om dette seinast tre veker etter fylkesmannen har motteke kommunen sin oppfølgingsplan.

Dersom kommunen har spørsmål om tilsynsrapporten eller oppfølginga, kan fylkesmannen sin tilsynsleiar kontaktast:

Atle Morsund, atle.morsund@fylkesmannen.no, 71258484 / 40843772